

Uttale frå planavdelinga – gbnr 233/6 Eide indre

Eigedomen ligg som ein del av eit samanhengande landbruksområde på Ostereidet, innanfor det som i kommuneplanen er definert som LNF-føremål med særleg omsynssone for landbruk. Det vert opplyst om at eigedomen er ei landbrukseigedom utan aktiv drift, men at areala vert lånt som beiteområde til naboar.

Planavdelinga meiner at omsynet til landbruksinteressene blir vesentleg tilsidesette ved å gi dispensasjon i denne saka, og at ulempane vil vere langt større enn fordelane. I tillegg er det som Fylkesmannen peiker på fleire område for bustader i nærleiken, og slik mogleg for søker å finne ein bustadtomt som er i samsvar med kommuneplanen. Planavdelinga rår difor ifrå dispensasjon til oppføring av einebustad på gbnr 233/6 Eide indre.